

Fra: Kent Are petterson[kentarepetterson@gmail.com]

Sendt: 27.04.2019 14:30:49

Til: Peder Sjo Slettebo,[post@kvinnherad.kommune.no; peder.sjo.slettebo@kvinnherad.kommune.no]

Tittel: Spørsmål til ordføreren i kommunestyret 22.05.19

---

Vyrde ordfører! I samband med saka om nettdelen til Kvinnherad Energi vart det naudsynt sjå over vedtektene. Etter søk på Google, Brønnøysundsregisteret, Proff.no, nettsidene til Kvinnherad Energi(som forøvrig la dei ut på nett kvelden 26.04.19) og nettsidene til Kvinnherad kommune var dei ikkje oppdrive. Heldigvis la representanten Lund dei ut på «Kvardagsprat i Kvinnherad», ei gruppe på Facebook, slik at eg fekk fatt i dei. I løpet av tida eg leita oppdaga eg at vedtekter til andre bedrifter i kommunekonsernet var like vanskelege oppdrive, i tillegg til andre t.d SFO, Frivillegsentral m.m. ikkje var enkle å finne. Desse vedtektene er viktige verktøy både for administrasjon og politikarar. Kan ordføreren be kommunedirektøren om å endre på nettsidene til Kvinnherad kommune slik at ein får alt av vedtekter samla på ein stad? Dette gjeld både for interne einingar, datterselskap, IKS og dei ulike politiske utvala i Kvinnherad kommune. Mvh Kent Are Kjarsvik Petterson Kvinnherad Venstre